



Vikingen ved kai hos Eidsvik

**Det er tydelegvis eit godt samarbeid mellom Norled og Eidsvik Skipsbyggeri om oppdrag. No er Norledferge nummer 3 på stutt tid til kai i Uskedalen.**

**Det er den velkjente trufaste slitar Vikingen medan dei 2 første var Ølen og Jondal. Vikingen har vore ein velkjent slitar i samband i Hordaland og Rogaland sidan ferge vart levert frå verftet i Sandnessjøen i 1992.**

Ho gjekk mellom Hufthamar og Krokeide fram til 2006 og var deretter reserveferge ei tid, mellom anna i Stavanger-Tau-sambandet, I den seinare tid har ho vore å sjå i sambandet Årsnes-Gjermundshamn.etter ei tid mellom Ranavik og Skjersholmane.

Ser ein attende på den 21 år lange historia til Vikingen dukar det opp litt av kvart, til dømes eit motorhavari i 2007 ved Halsnøy og ei grunnstøting i Rogaland i 2010.

Norled har 1150 tilsette og omset for 1,6 millionar kroner årleg. Selskapet har no rundt 80 fartøy i rutetrafikk langs store delar av kysten, til og med så langt nord som i Troms.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen